



HØGSKULEN I VOLDA

Årsrapport 2003



Høgskulen i Volda



Høgskulen i Volda er den største høgskulen i Møre og Romsdal. Vi tilbyr studium og yrkesutdanningar innan humanistiske fag, lærarutdanning, mediefag og samfunnsfag. Vi har ca. 2900 studentar og om lag 240 tilsette.

Høgskulen har ein omfattande forskingsaktivitet og samarbeider tett med den regionale forskingsstiftinga Møreforskning. Det er etablert samarbeid både nasjonalt og internasjonalt innan fleire fagområde.

Høgskulen legg vekt på å vidareutvikle og satse på eit stadig betre og breiare tilbod for å imøtekome trongen for etter- og vidareutdanning i regionen. Det vil vi gjere ved i sterkare grad å ta i bruk ulike modellar for kombinerte tilbod og nettbasert fjernundervisning.

Innhold



| | |
|--|----|
| 1. FØREORD FRÅ REKTOR..... | 4 |
| 2. ÅRET 2003 I KORTE TREKK..... | 5 |
| 3. ÅRSMELDING FRÅ STYRET..... | 6 |
| 3.1 Oversyn over verksemda..... | 6 |
| 3.2. Organisering og miljø..... | 8 |
| 3.2.1 Tilsette ved Høgskulen i Volda..... | 8 |
| 3.2.2 Likestilling..... | 8 |
| 3.2.3 Helse, miljø og tryggleik..... | 9 |
| 3.2.4 Ytre miljø..... | 9 |
| 3.3 Verksemda og resultat i 2003..... | 10 |
| 3.3.1 Høgskulen si økonomiske stilling..... | 10 |
| 3.4 Studium og kvalitetsreforma..... | 12 |
| 3.4.1 Utvikling i studenttal, nye studium/nedlegging av studium..... | 12 |
| 3.4.2 Etter- og vidareutdanning..... | 15 |
| 3.4.3 Internasjonalisering..... | 16 |
| 3.5 Forsking, utvikling og formidling..... | 17 |
| 3.5.1 Forsking og utviklingsarbeid..... | 17 |
| 3.5.2 Formidling..... | 18 |
| 3.5.3 Elektroniske tenester..... | 19 |
| 3.5.4 Biblioteket ved Høgskulen i Volda..... | 19 |
| 3.6 Anlegg..... | 19 |
| 3.7 Strategiske planar og utfordringar..... | 20 |
| 3.7.1 Utfordringar knytt til forskning..... | 20 |
| 3.7.2 Utfordringar knytt til utdanning..... | 21 |
| 3.7.3 Utfordringar knytt til bygg og anlegg..... | 21 |
| 3.8 Styringsorgan og administrasjon..... | 22 |
| 3.8.1 Høgskulen sitt styre..... | 22 |
| 3.8.2 Høgskulen sin organisasjon..... | 23 |
| 4. ÅRSREKNESKAPEN..... | 24 |
| 4.1 Notar til årsrekneskapen..... | 27 |
| 5. RAPPORT FRÅ REVISOR..... | 37 |

HØGSKULEN I VOLDA

Boks 500
6101 Volda

Tlf: 70 07 50 00
Faks: 70 07 50 51
www.hivolda.no

REDAKSJON:
rektor
GUNNAR STAVE

høgskuledirektør
JACOB KJØDE jr.

seniorkonsulent
EDEL VATNE ROALD

informasjonskonsulent
KRISTIAN FUGLSETH

Design/sats: Kristian Fuglseth
og Egset Trykk

1. Føreord frå rektor

2003 har vore eit år med store utfordringar og gode resultat for Høgskulen i Volda.

Innføringa av Kvalitetsreforma har ført til omfattande endringar i utdanningsverksemda. Eit hovudføremål med reforma er at vi skal følgje opp den einskilde studenten betre, og etablere eit kvalitets-system som sikrar at studietilbodet held eit høgt fagleg nivå. Gjennomføringa har vore vellukka, og vi forventar at resultatane vil vise seg i form av større læringsutbyte for studentane, og betre gjennomstrøyming. For høgskulen skaper dei nye rammevilkåra nye muligheter når det gjeld utdanning på mastergradsnivå. Vi har i dag tre mastergrader, men fleire fagmiljø arbeider med planar om nye mastergrader. Dette gjer det mogleg å gi tilbod om fagleg fordjuping på dei områda vi har grunnutdanningar. Dette vil gjere høgskulen til eit meir interessant fagmiljø både for tilsette, studentane og eksterne samarbeidspartnarar.

I arbeidet med Kvalitetsreforma har vi vore opptatt av at forskning, utviklingsarbeid og kompetanseoppbygging ikkje må bli salderingspost. Høgskulen har som målsetting å drive forskning og utviklingsarbeid som utviklar ny kunnskap og innsikt med relevans for dei utdanningane vi har, og for dei vi samhandlar med regionalt, nasjonalt og internasjonalt. 2003 blei det året vi fekk dei første doktorgradsdisputasane ved Høgskulen i Volda. Ansvarleg for disputasane var Universitetet i Bergen, og dei er eit uttrykk for det gode samarbeidet vi har utvikla rundt forskarutdanning

Etter- og vidareutdanning blir stadig viktigare del av høgskulens verksemd. Avdelingane ved HVO har eit sjølvstendig ansvar for å

utvikle og gjennomføre relevante utdanningstilbod knytt til sine fagseksjonar/-institutt, og å gjere utdanningane tilgjengelege for ulike studentgrupper. Kontoret for etter- og vidareutdanning (KEV) har eit koordinerande ansvar for etter- og vidareutdanningsverksemda på tvers av fagmiljøa ved høgskulen, og eit spesielt ansvar for HVO sin samfunnskontakt.



Høgskulen har i 2003 inngått ei rekkje ny samarbeidsavtalar med utanlandske utdanningsinstitusjonar. Målet har vore å bygge ut eit vesentleg større internasjonalt kontaktnett, som kan gi grunnlag for meir systematisk utveksling av studentar og tilsette.

For å styrke tilbodet for studentar som vil studere i Volda, har vi utvikla engelskspråklege studieopplegg, og har som mål at vi skal ha attraktive tilbod innafor alle viktige undervisningsområde.

Høgskulen i Volda vil vere ein utviklingsorientert institusjon som i samarbeid og konkurranse med andre utdannings- og forskingsinstitusjonar driv utdanning, forskning, fagleg utviklingsarbeid og formidling med høg kvalitet. Samtidig er vi ein organisasjon som er medviten våre særeigne tradisjonar, som ein kunnskapsinstitusjon med sterk forankring i faglege tradisjonar der danningperspektivet står sentralt. Vi ønskjer å ta dette perspektivet på alvor i den reformprosessen vi no er inne i. Utfordringa er å kunne gjere nødvendige omstillingar utan å gå på akkord med grunnleggande verdiar i høgre utdanning.

Gunnar Stave
rektor

2. Året 2003 i korte trekk

- Kvalitetsreforma vart implementert fullt ut frå hausten 2003. Vi har fått på plass 15 bachelorprogram og 3 masterprogram.
- Vi gjorde eit rekordopptak hausten 2003. Av dei 1343 som fekk tilbod om studieplass gjennom Samordna opptak, møtte 790 opp ved semesterstart. Dette er ny rekord. I tillegg fekk vi godt tilslag på etter- og vidareutdanningstilboda våre gjennom det lokale opptaket.
- Produksjonen av studiepoeng viste ein stor auke i høve til både 2002 og 2001. Grunngevinga er høgt studenttal, forbetra gjennomstøyming i dei nye bachelorprogramma og strukturelle omleggingar.
- 2003 er første året som nettobudsjettert statsinstitusjon. Denne overgangen legg grunnlag for meir rasjonell rekneskapsføring og økonomistyring.

15

3. Årsmelding frå styret

3.1 OVERSYN OVER VERKSEMDA

Høgskulen i Volda er ein av 26 statlege høgskular.

Heile aktiviteten er lokalisert innanfor eit høgskuleområde i Volda sentrum. Det sentrale høgskulebygget er plassert midt i området.

Høgskulen i Volda er organisert i 4 avdelingar:

Avdeling for lærarutdanning (ALU)

Avdeling for lærarutdanning er den største avdelinga ved Høgskulen i Volda, og har stor breidde i fagtilboda med vekt på praktisk-estetiske fag.

Studietilbod:

- Fireåring lærarutdanning
- Førskulelærarutdanning (bachelor)
- Praktisk pedagogisk utdanning
- Mastergrad i spesialpedagogikk
- Bachelorgrad i media, IKT og design
- Bachelorgrad i friluftsliv og kroppsøving
- Bachelorgrad i musikk
- I tillegg har avdelinga eit breitt spekter av årseiningar saman med etter- og vidareutdanningstilboda.

Avdeling for humanistiske fag (AHF)

AHF tilbyr fag- og vidareutdanningar innan språk, litteratur og historie. Fagområda er tysk, engelsk, historie og norsk/nordisk.

Fellesnemnarar i avdelinga finn ein i tema som lingvistik, litteraturvitskap, regional historie, samfunnstudiar, framandspråk-opplæring og koplinga mellom språk- og litteraturhistorie. AHF sine fagfolk gir også undervisning ved lærarutdanningane ved HVO (engelsk og norsk).

Studietilbod:

- Bachelor i historie kultur og samfunn
- Bachelor i litteratur og kultur
- Bachelor i språk, kommunikasjon og media

Avdeling for samfunnsfag (ASF)

Avdeling for samfunnsfag gir fag-, profesjons- og vidareutdanningar innan sosialfag, offentleg administrasjon og samfunnsplanlegging, kristendoms-kunnskap, og kyrkjefag. ASF sine fagfolk gir også undervisning ved lærarutdanningane ved HVO (KRL og religion).

Studietilbod:

- Mastergrads i samfunnsplanlegging
- Bachelor i barnevernspedagogikk
- Bachelor i sosionom
- Bachelor i planlegging og administrasjon
- Bachelor i religion og kultur
- Bachelor i teologi og kyrkjefag

Avdeling for mediefag (AMF)

Utdanningane ved Avdeling for mediafag førebur studentane til mediefagleg arbeid med vekt på opplysning og informasjon, samfunnsobservasjon og samfunnskritikk. Praktisk erfaring er vektlagt.

Studietilbod:

- Bachelorgrad i aminosjon
- Bachelorgrad i informasjon
- Bachelorgrad i journalistikk
- Fjernsynsreportasje og dokumentarfilm

Ivar Aasen-instituttet (IAaI)

Ivar Aasen-instituttet er eit forskingsinstitutt knytt til Høgskulen i Volda.

Studietilbod:

- Mastergrad i nynorsk skriftkultur

VOLDA, 22. APRIL 2004

GUNNAR STAVE
STYRELEIAR

LIDVEIG BØE
NESTLEIAR

ODD RAGNAR HUNNES
STYREMEDLEM

HILDE OPSAL
STYREMEDLEM

LEIF ROAR STRAND
STYREMEDLEM

DAVID M. E. BOUVILLE
STYREMEDLEM

CAMILLA AUFLEM VIK
STYREMEDLEM

PER EIVIND KJØL
STYREMEDLEM

HARALD KJØLÅS
STYREMEDLEM

BERET MELLE
STYREMEDLEM

ELISABET SUNDGOT
STYREMEDLEM

JACOB KJØDE JR.
HØGSKULEDIREKTØR

Hovudtal frå Høgskulen i Volda si verksemd

| | 2003 | 2002 | 2001 |
|---|----------------|----------------|----------------|
| Studentar 1) | 2 886 | 2 666 | 2 621 |
| Mastergrad/hovudfag | 215 | 89 | 72 |
| Profesjon ²⁾ | 891 | 862 | 887 |
| Lavare grad/høgskulekandidat | 1 539 | 1 472 | 1 392 |
| Vidareutdanning | 241 | 243 | 270 |
| Eigenfinanserte heiltidsekvivalentar ³⁾ | 2 284 | 2 075 | 2 141 |
| Mastergrad/hovudfag | 105 | 60 | 43 |
| Profesjon ²⁾ | 818 | 821 | 947 |
| Lavare grad/høgskulekandidat | 1 218 | 1 045 | 1 017 |
| Vidareutdanning | 144 | 149 | 135 |
| Studiepoengsproduksjon 4) | 2 026 | 1 727 | 1 832 |
| Mastergrad/hovudfag | 53 | 44 | 41 |
| Profesjon ²⁾ | 673 | 720 | 806 |
| Lavare grad/høgskulekandidat | 1 125 | 848 | 864 |
| Vidareutdanning | 175 | 115 | 121 |
| Forsking | | | |
| Artiklar i internasjonale, vitenskaplege tidsskrift | 5 | 10 | 5 |
| Artiklar i nasjonale, vitenskaplege tidsskrift | 9 | 10 | 15 |
| Bøker utjevne på forlag | 10 | 10 | 14 |
| Tilsette, årsverk | 241,8 | 232,6 | 211,1 |
| Prosentdel kvinner | 40,5 % | 41,5 % | 41,3 % |
| Omsetning i mill kroner | 196 941 | 177 068 | 165 081 |
| Ordinær verksemd ⁵⁾ | 187 295 | 170 718 | 157 908 |
| Eksternt finansiert verksemd | 9 646 | 6 350 | 7 173 |

Kjelde: Database for høgare utdanning, DBH og Forskdek

1) Hovudtal - talet på alle personar registrerte 1.10.

2) Desse tilboda er registrerte som profesjonsutdanning i samsvar med kategorisering i DBH: allmennlærer-, førskulelærer-, barnevern-, sosionom- og kateketutdanning

3) Eigenfinanserte heiltidsekvivalentar i gjennomløp av høast- og vørtal

4) Eigenfinanserte 60-studiepoengsøvingar heile året

5) 2003-rekneskapan inkluderer pensjonsutgifter, denne utgifta vart tidlegare berre ført sentralt. Det er lagt til berre pensjonsutgifter for 2001 og 2002 for å gjere tala samanliknbare. Rekneskapan for 2003 er også periodisert, og det er ikkje gjort slike korrigeringar for dei andre åra. Tala er difor ikkje fullt ut samanliknbare.

3.2. TILSETTE OG MILJØ

3.2.1 TILSETTE VED HØGSKULEN I VOLDA

Årsverk ved Høgskulen i Volda pr. 1. desember 2003

| Stillingstype | Totalt | % kvinner |
|--|--------|-----------|
| 1 Undervisnings- forskings- og formidlingsstillingar | 158,1 | 34,4 |
| 1.1 Undervisnings- og forskarstillingar | 150,1 | 34,2 |
| a. Professor | 10,1 | 0,0 |
| b. Høgskuledosent | 1,2 | 83,3 |
| c. Førsteamanuensis | 28,0 | 21,4 |
| d. Førstelektor | 16,6 | 30,1 |
| e. Amanuensis | 8,3 | 12,0 |
| f. Høgskulelektor | 68,6 | 47,5 |
| g. Høgskuleleiarar | 17,3 | 33,5 |
| 1.2 Stipendiat | 8,0 | 37,5 |
| 2 Støttestillingar for undervisning, forskning og formidling | 13,3 | 22,3 |
| 3 Drifts- og vedlikehaldsstillingar | 11,0 | 72,7 |
| 4 Administrative stillingar | 59,5 | 55,0 |
| 4.1 Leiarar | 2,0 | 0,0 |
| 4.2 Mellomleiarar | 8,4 | 28,6 |
| 4.3 Andre administrative stillingar | 49,1 | 61,8 |
| SUM 241,8 | 40,6 | |

Den eine midlertidige stipendiatstillinga er finansiert av NFR. Alle andre stillingar er finansierte over grunnbudsjettet

Kjelde: DBH

3.2.2 LIKESTILLING

Tabellen gjev oversyn over årsverk for ulike stillingskategoriar og prosentdel kvinner. Denne prosenten viser stor variasjon alt etter stillingskategori. I høve utviklinga frå 2002 til 2003 er situasjonen om lag uendra: årsverk totalt frå 41,5% til 40,5%, undervisnings- og forskarstillingar frå 34,3% til 34,2%.

Høgskulen har ein handlingsplan for likestilling, vedteken av styret i mars 2002. Det er utarbeidd strategiar og tiltak for å nå ulike likestillingsmål. Planen legg vekt på å oppnå «*ei stadig jamnare fordeling mellom kjønna innan dei ulike stillingskategoriar.*»

Høgskulen har i rekrutteringsarbeidet markert ønskje om kvinnelege søkjarar til ulike stillingar. Ved tilsetjing av administrative leiarar har vi fast praksis om at minst ei kvinne skal vere representert i intervju-gruppa.

Høgskulen har halde fram med mentorordninga for kvinner, som vart iverksett i 2002.

Utviklinga ved høgskulen og tala ovanfor viser at det er behov for å arbeide enno meir målretta enn tidlegare når det gjeld å rekruttere kvinner, særleg gjeld det for vitskapelege stillingar.



3.2.3 HELSE, MIJLØ OG TRYGGLEIK

Lækjarmelde sjukefråver i prosent med tal frå rikstrygdeverket:

| | 2003 | 2002 | 2001 |
|---------------------------------|------|------|------|
| Høgskulen i Volda | 5,3 | 5,1 | 7,2 |
| Gj.snitt frå høgskulsektoren | 6,9 | 6,4 | 6,4 |
| Gj.snitt alle yrke heile landet | 7,4 | 6,9 | 6,7 |

Det vart inngått samarbeidsavtale mellom Høgskulen i Volda og Trygdeetatens arbeidslivssenter – senter for inkluderande arbeidsliv vinteren 2002. Eigenmeldingsperiodane auka frå 3 til 8 dagar, og maksimalt tal på dagar er sett til 24 dagar. Tidlegare var dette taket sett ved 4 periodar på inntil 3 dagar.

I 1998 var det utarbeidd eit eige internkontroll-/HMT-system for Høgskulen i Volda. Dei siste tre åra har det vore arbeid med å gjere forbetringar i systemet.

Arbeidsmiljøutvalet arbeider med å få HMTsystemet meir velfungerande, og har dei siste to åra fastsett ein eigen årskalender for sentrale HMT-aktivitetar. Alle HMT-ansvarlege er forplikta til å følgje denne. AMU laga i 2003 også nye malar for ei tredelt HMT-rapportering:

1. Rapport frå arbeidsmiljø-utvalet si verksemd
2. Rapport frå vernerunde i alle verneområda
3. HMT-status ved dei ulike driftseiningane (avdelingane og kontora)

På grunnlag av ovannemnde rapportering skal ein samla, årleg rapport leggast fram for styret.

Etter vedtak i arbeidsmiljøutvalet er det også oppretta eit attføringsutval ved høgskulen. Attføringsutvalet kom i gang med arbeidet hausten 2003.

Ei eigenerklæring om helse, miljø og tryggleik vart utforma i april 2003. Eksterne samarbeidspartnarar skal ha tilgang til denne erklæringa.

Alle dei nemnde tiltaka vil inngå i det samla HMT-systemet ved høgskulen.

For første gong vart det gjennomført ein «HMT-dag» ved høgskulen 18. november 2003 i regi av arbeidsmiljøutvalet. Hovudtemaet var «inkluderande arbeidsliv». Arrangementet samla om lag 50 deltakarar. I forkant av tiltaket oppretta AMU ein HMT-pris, som vart delt ut på HMT-dagen. AMU tek mål av seg til å gjere dette til eit årleg foretak.

I 2003 gjekk HMT-prisen til tiltak som vart sette i verk av ei trimgruppe. Tilbakemeldingar tyder på at tiltaket var vellukka.

3.2.4 YTRE MIJLØ

Ved Høgskulen i Volda vert det ikkje drive verksemd som ureinar det ytre miljø. Omsyn til miljøet er prioritert ved høgskulen si drift.

Avfallshandtering

Kjeldesortering etter krav som er sette av Miljøverndepartementet.

Enøk

Høgskulen i Volda er med i Statbygg Midt-Norge sitt ENØK nettverk saman med ein del andre høgskular. Målet med arbeidet er å redusere det årlege energiforbruket med 12%.

Nokre av tiltaka som er utført til no er:

- oppdeling i energiblokker slik at kvart av dei store husa har eigen målar.
- utskifting av fjernvarmerørledning mellom Idrettsbygget og Kårstad-huset.
- utskifting av lysarmatur i fellesredaksjonen i Strøm-huset.
- installering av kondensatorbatteri for å sleppe å betale for reaktiv effekt.
- avtale med netteigar om momentan fjern-utkopling av el-kjellar gir lavare nettelege
- informasjon til tilsette om enøk.



3.3 VERKSEMDA OG RESULTAT I 2003

3.3.1 HØGSKULEN SI ØKONOMISKE STILLING

Rammevilkår

Frå og med 2003 har Høgskulen i Volda hatt unntak frå bruttobudsjetteringsprinsippet i staten. Som nettobudsjettert institusjon har Høgskulen i Volda fått tildelt ei nettoløyving, ei statleg grunnløyving over utgiftspost 50 i statsbudsjettet. I tillegg disponerer vi eksterne inntekter fullt ut.

Verksemda ved Høgskulen i Volda er i hovudsak finansiert av grunnløyvinga (løyvingsfinansiert verksemd). I tillegg tek høgskulen inn ein del eksterne inntekter:

- Andre øymerka offentlege tildelingar etter spesielle søknader, mellom anna til bidragsforskning
- Studieavgifter og øymerka løyvingar til delvis dekninga av kostnader knytte til etter- og vidareutdanningsaktivitetar
- Inntekter for sal av tenester og diverse andre mindre eksterne oppdrag

Årsrekneskapen for 2003 – prinsipp og usikre moment

Årsrekneskapen for 2003 følgjer prinsippa i rekneskapslova, men det er laga nokre tilpassingar som er nødvendige på grunn av spesielle tilhøve, først og fremst på grunn av at vi er ein statleg institusjon. Desse tilpassingane er laga i samråd med Utdannings- og forskingsdepartementet (UFD), og dei er forklarte i eigen note i rekneskapen.

Det knyter seg ikkje spesielle usikre moment til rekneskapen. Det har heller ikkje kome fram forhold som påverkar den økonomiske stillinga etter at rekneskapen er lagt fram.

Resultat frå den løyvingsfinansierte verksemda

Den opphavlege ramma vart fordelt til avdelingane og fellestenestene i samsvar med den interne budsjettmodellen vår. Denne modellen vart revidert for bruk i 2003 slik at den i stor grad samsvarar med den finansieringsmodellen som UFD nyttar. Den delen av tildelinga som kjem på grunnlag av produksjonen av studiepoeng, vert fullt ut vidareført til avdelingane.

Kr 177 984 000 vart lagt inn i disposisjonsbudsjettet for ordinær drift ved utgangen av 2003 etter ekstraløyvingar og ein del av overføringane frå 2002. Drifta for 2003 viste eit overforbruk på 3,6 mill kr i høve dette driftsbudsjettet. Det er første gong i høgskulen si historie at vi har brukt meir til drifta enn det vi har hatt til disposisjon. Dette overforbruket vert først og fremst forklart med stor aktivitet og innføring av kvalitetsreforma.


Kvalitetsreforma har kravd store og auka ressursar, og Høgskulen i Volda var tidleg ute med gjennomføring av reforma. Føresetnaden frå UFD var at reforma skulle innførast frå og med hausten 2003, og vi har fått ekstramidlar i budsjetta for 2003 og 2004 på dette grunnlaget. HVO innførte reforma for fleire studie alt frå hausten 2002. Kvalitetsreforma vil føre til at vi sikrar ei betre gjennomstrøyming. Studentane vert betre følgde opp, og dei tek fleire avsluttande eksamenar gjennom studieløpa.

Omfang av den løyvingsfinansierte verksemda

| | |
|---|----------------|
| Høgskulen i Volda fekk opphavg ei løyving over statsbudsjettet på I tillegg har vi hatt desse tilleggsløyvingane til disposisjon: | kr 174 906 000 |
| Auka husleige etter at Kaarstad-loftet vart ferdig: | kr 200 000 |
| Midlar til IKT-satsing i lærarutdanningane (LU): | kr 950 000 |
| Midlar knytte til praksisfeltet i LU: | kr 376 000 |
| Midlar til fleksible studietilbod: | kr 1 331 000 |
| Sum ekstraløyvingar: | kr 2 857 000 |
| Etter revidert nasjonalbudsjett vart budsjetttramma redusert med: | kr 177 000 |
| Overføringane frå 2002 vart utbetalt i 2003 med: | kr 5 683 000 |
| Totale innbetalingar frå UFD for 2003 var i samsvar med denne oppstillinga: | kr 183 269 000 |
| Avsetjing til 2004: | kr 3 495 000 |

Vi kan vise til svært god studiepoengsproduksjon i 2003:

| Samla HVO | 2003 | 2002 | 2001 |
|------------------------------|------|-------|------|
| Studiepoengsproduksjon vår | 1477 | 1364 | 1586 |
| Studiepoengsproduksjon haust | 549 | 364 | 246 |
| SUM HVO | 2026 | 1727 | 1832 |
| Endring frå føregåande år | 299 | - 105 | |



Denne illustrasjonen tek ikkje omsyn til at studietilboda våre er inndelte i 5 kategoriar som gjev uttelling med vekt mellom 1 og 3 i finansieringsmodellen. Etter den plasseringa som er kjent til no, vil vi for studiepoengsproduksjonen i 2005 få eit budsjett som ligg nesten 8,5 mill kroner over 2004-budsjettet. I tillegg har vi auka talet på inn- og utreisande utvekslingsstudantar med 37. Dette gjev oss i tillegg nesten kr 200.000. Auka aktivitet vil med andre ord gje oss eit godt budsjett for 2005.

Innføring av den nye finansieringsmodellen/budsjettmodellen ved HVO vil måtte føre til avvik mellom rekneskapen og det tildelte budsjettet innanfor året. Vi får tildeling på grunnlag av produksjonen av studiepoeng 2 år på etterskot. 2003-ramma gav uttelling etter produksjonen i 2001.

På grunn av at vi har lagt opp avsetjingar (fondmidlar) frå tidlegare år, kunne vi avslutte rekneskapen for 2003 med ein positiv avsetnad på totalt kr 3 495 000. Av dette er kr 464 000 øyremerkt investeringar som

ikkje er avslutta, og kr 2 177 000 er avsett som eit sentralt bufferfond.

Den låge produksjonen i 2002 har gjeve oss eit dårleg budsjett for 2004, og vi har budsjettet med at vi må tære på avsetjingane dette året.

Omfang og resultat frå eksternt finansiert verksemd

Dei eksternt finansierte aktivitetane kjem først og fremst frå bidragsforskning og delfinansiering av etter- og vidareutdanningstilbod. I tillegg har vi eit visst omfang av

sal av tenester, sal av studentproduksjonar og andre mindre oppdrag.

Vi kunne vise til ei omsetjing på kr 9 646 000 i 2003 inkludert midlar frå Noregs forskingsråd. Dette er kr 3 296 000 meir enn i 2002.

Ekstraordinære poster i årsrekneskapen for 2003

2003 er første året Høgskulen i Volda har lagt fram rekneskapen som nettobudsjettert statsinstitusjon. Tidlegare år har rekneskapen vore ført etter kontantprinsippet, og skifte av rekneskapsprinsipp har gjeve ein del ekstraordinære inntekter og kostnader i 2003-rekneskapen. Manglande periodisering pr 1.1.2003 er ført som ekstraordinære poster. Den store summen kjem frå utgiftsføring av opprente feriepengar i 2002 som vart utbetalt i 2003, og ekstra tildeling frå UFD som kompensasjon for denne meirkostnaden. Det tekniske avviket mellom internrekneskapen og kontantrekneskapen pr 1.1.2003 er også ført som ekstraordinær inntekt.

Balanse og likviditet

Unytta midlar er avsette som avsetnader for økonomiske bindingar og kortsiktig gjeld. Frå tidlegare år har høgskulen ein eigenkapital på kr 1 094 000. Denne er sett av til utvikling av nye etter- og vidareutdanningstiltak.

Ved utgangen av året disponerte høgskulen midlar på totalt kr 32 660 000, av dette hadde vi likvide midlar plasserte i Noregs Bank på kr 29 192 000. I samsvar med den tilpassa malen for rekneskapsføring har vi ikkje aktivert anleggsmidlar i rekneskapen.

3.4 STUDIUM OG KVALITETSREFORMA

3.4.1 UTVIKLING I STUDENTTAL, NYE STUDIUM/NEDLEGGING AV STUDIUM

Arbeidet med å betre studie-kvaliteten har i 2003 vore knytt til arbeidet med Kvalitets-reforma. HVO har lagt stor vekt på å informere dei tilsette om dei ulike elementa i reform-prosessen. Vi har hatt fleire personalseminar, både for høgskulen samla og på avde-lings- og instituttnivå. Arbei-det med å implementere Kvalitetsreforma ved HVO har vore organisert som eit pro-sjekt med ein eigen prosjektleiar, og ei styrings-gruppe samansett av den ad-ministrative og faglege topp-leiinga og representantar for studentane. Vi har fire perma-nente arbeidsgrupper som har arbeidd med prioriterte om-råde. På instituttnivå blir det arbeidd med revisjon av studieplanane ut frå krava som den nye gradsstrukturen stil-ler til form og kvalitet. Det er grunn til å understreke at med-arbeidarane ved HVO har lagt stort engasjement i dette arbei-det. Samtidig har innføring av kvalitetsreforma ført til eit auka arbeidspress på alle tilsette.

Som ein del av oppfølginga av kvalitetsreforma har vi organi-sert eit fagleg program, der vi inviterer profilerte gjesteforelesarar. Formålet med programmet er å heve kompetansen på sentrale problemstillingar i reforma. Tema som har vore sett på dagsordenen er:

- studiekvalitetssystem
- evaluering og eksamens-

former

- studentaktive undervisnings-former
- ny karakterskala
- erfaringar med bruk av mappeevaluering ved HVO
- førstesemesterstudentar og utdanningsplanar
- undervisning på engelsk

Utvikling i søkjartal i 2003

Høgskulen i Volda har dei siste 2 åra hatt ein liten auke i søk-jartal på fleire studium. Totalt sett har HVO i 2003 hatt ein svak nedgang: frå 10945 i 2002 til 9964 søkjarar i 2003 (Samordna opptak (SO), ordinært lokalt opptak og deltakar-finansierte studium).

Gjennom Samordna opptak lyste Høgskulen ut 36 studie-tilbod med til saman 959 studieplassar. Dette er ei auke på 8 studietilbod. Av desse tilboda var det 15 årstudium og 16 bachelorutdanningar.

I 2003 hadde HVO eit snitt på 7,7 søkjarar til kvar av dei 959 studieplassane. Tilsvarande tal for 2002 var 7,4 søkjarar til kvar av dei 987 studieplassane og for 2001 var det 8,1 søkjarar til 960 studieplassar.

Det var gode søkjartal (første-prioritet) på desse utdanning-ane ved Samordna opptak: Matematikk, Førskulelærarut-danning, deltid, Barnevernspedagog-utdanning, Sosionomutdan-

ning, Animasjon, Kunst og handverk, Musikk, års-studium og bachelor i Journa-listikk.

Dei humanistske faga har framleis låg rekruttering, men fordi ein samlar årsstudium-studentar og bachelorstudentar har ein like-vel kunne starta dei fleste utdanningane innanfor desse faga.

Realkompetanseopptak

Det var 140 søkjarar med grunnlag i realkompetanse gjennom Samordna opptak og supplerings-opptaket og 6 i lokalopptaket. Størst søkning var det til barnevernspedagog-, sosionom-, førskule-lærer-, allmennlærer- og praktisk-pedagogisk utdanning. Det vart teke opp 55 studentar med grunnlag i realkompetanse ved alle grunnutdanningar ved HVO.

Utvikling i studenttal hausten 2003

Haust 2003 har HVO 2530,5 heiltidsekvivalentar og dermed ein auke på 14,1 % samanlikna med 2002 2217,9 (1974,2 heiltidsekvivalentar haust 2001).

Samla studenttal pr 1. oktober 2003 var 2886 studentar. Haust 2002 var det 2666 stu-dentar og 2001 2621 studen-tar.

HVO har fått ein auke i student-tal ved allmenn- og førskule-lærerutdanninga (om lag 7%), mest fordi HVO hadde sett i gang desentraliserte studium og regionale tilbod for å kom-pensere for den tidligare ned-gangen i rekrutteringa til desse studietilboda.

HVO har sett i verk m.a. følgjande rekrutteringstiltak:

- Tilbod om fjernundervisning i fleire modular: ex. phil, KRL, forvaltningsrett, offentlig ar-beid, naturfag, samfunnsfag, historie osv.
- Tilbod om nettstøtta under-visning i fleire studium, til dø-mes i matematikk
- Modulisering av faga og dermed tilbod om opptak til 15-studiepoengsemne for deltidsstudentar
- Auka opptak på andre stu-dium
- Ekstra oppfølging av søkjarar under viktige tidspunkt i opp-taket.

Søkjartala til studium utlyst gjennom Samordna opptak har utvikla seg slik dei 3 siste åra:

| | |
|-------|-------------------------------|
| 2001: | 7738 + 219 (restetorg) = 8016 |
| 2002: | 7246 + 353 (restetorg) = 7599 |
| 2003: | 7463 + 294 (restetorg) = 7757 |

Utvikling i kandidattal

I lærarutdanninga er fråfall og etterslep ei årsaksforklaring på at ikkje fleire blir uteksaminerte. I tillegg er mange studenter ferdige etter tre år fordi dei har tatt det valfrie 4. året først. Det var til dømes 91 studenter igjen i 4. året i lærarutdanninga og av dei fullførte 63.

I 2003 var det 15 (7 kvinner) kandidatar som fullførte mastergrad i samfunnsplanlegging ved HVO.

Mange høgskulekandidatar tar eit tredje år for å få fullført ein bachelorgrad, og det er dermed vanskeleg å seie noko om reelle tal for høgskulekandidatar.

I 2003 var det til saman 1608 fullførte studieprogram og kandidatar medrekna examen philosophicum (67).

Manglande gjennomstrøyming

Studieåret haust 2002/vår 2003 var gjennomstrøyminga 86,5 % (gjennomsnittstal heiltidekvivalentar haust 2002 og vår 2003 var 2128 og studiepoengproduksjonen var 1840,1). Studieåret 2001/2002 var tilsvarende prosentdel 83,4 (1953,1 h.evk. og 1609,4 stp-produksjon).

På mastergradstudiet i samfunnsplanlegging var det 16 studenter (8 heiltidekvivalentar) på integrasjonsmodulen (masteroppgåve). 14 av desse fekk mastergraden (normert tid), ein gjennomstrøyming på 73 %. Få studenter tar mastergradsutdanninga som heiltidsstudium, dette er difor eit bra resultat.

Strykprosenten

Strykprosenten ved HVO relatert til oppmelde studenter er 6,8 % for 2003.

11 % av dei som er oppmeldt til eksamen, trekkjer seg eller møter ikkje til eksamen (desse er ikkje med i strykprosenten). Det gjeld særleg nettbaserte studiar så som historie og offentleg rett. I lærarutdanninga har framleis matematikk stor strykprosent, sjølv om HVO gir tilbod om ekstraundervisning og særleg oppfølging til studentane som står til rest med m.a. matematikk-eksamen.

Studiepoengsproduksjon

I 2003 produserte Høgskulen i Volda 2026 eigenfinansierte 60-studiepoengseiningar (sjå tabellar neste side).

Snittal for studenter i 2003 er 2284,16 (2037,8 heiltidekvivalent vår og 2530,5 haust 2003), og det gir 53 studiepoeng pr student, ein auke på 3,5 studiepoeng (7 %) samanlikna med i fjor. Denne auken kjem fordi ein har modulisert utdanningane i større grad enn i 2002, og fleire emne blir avslutta til jul. Dette gir studiepoengutteljing alt i haustsemesteret. Med ny budsjettmodell bygger mes-teparten av dei resultatbaserte tildelingane til avdelingane på produserte studiepoeng og FoU.

| 13

Kandidattal i 2003 (vår og haust)

| Utdanning | Uteksaminerte |
|--------------------------|-----------------|
| Sosionom | 42 |
| Barnevernspedagog | 35 |
| Førskulelærer | 53 (ingen menn) |
| Allmennlærer | 78 |
| Journalist | 58 |
| Bachelor i journalistikk | 4 |
| Informasjon | 34 |
| Bachelor i informasjon | 3 |
| Animasjon | 7 |

Ved profesjonsutdanningar fordeler gjennomstrøyming seg slik:

Allmennlærerutdanning: 64,3 %
Journalistikk: 84,4 %
Animasjon: 77,8 %
Barnevernspedagogikkutdanning: 82,5 %
Sosionomutdanning: 95,5 %
Informasjonsutdanning: 96,7 %
Førskulelærerutdanning: 81,7 %
Praktisk-pedagogisk utdanning: 100 %




Nye studium/nedlegging av studium


HVO har oppretta 7 nye bachelorprogram. I tillegg har vi fått akkreditert eit masterstudium i spesialpedagogikk.

HVO har i 2003 lagt ned kateket- og kyrkjevevjerjeutdanning. Det har vore få søkjarar til desse tilboda dei siste åra, og ein avventar ei omlegging av kateketutdanninga.

Studiepoengsproduksjonen fordelt på avdelingane frå 2001 til 2003:



Endringane i produksjonen i åra frå 2001 til 2003 kan illustrerast slik:



Alle avdelingane kan vise til oppgang i høve 2002-resultatet. Resultatet for både ALU og

AHF viste stor nedgang i 2002, og vi ser at ALU no har nådd eit nivå som ligg over

2001-resultatet.

3.4.2 ETTER- OG VIDAREUTDANNING

Etter- og vidareutdanning blir stadig viktigare del av høgskulens verksemd. Avdelingane ved HVO har eit sjølvstendig ansvar for å utvikle og gjennomføre relevante utdanningstilbod knytte til sine fagseksjonar/-institut, og å bidra til at utdanningane blir modulisererte og fleksibelt organisert for ulike studentgrupper. Kontoret for etter- og vidareutdanning (KEV) har eit koordinerande ansvar for etter- og vidareutdanningsverksemda på tvers av fagmiljøa ved høgskulen, og eits spesielt ansvar for HVO sin samfunnskontakt. KEV blei i 2001 organisert som ei eining direkte under direktøren. Siktemålet er at eininga skal ha stor fridom til å knyte kontakt med brukargrupper og drive meir marknadsretta arbeid.

I 2003 har vi inngått avtale med Midt i Norden (kompetansenettverk for distriktkommunar) om å vere utdanningspartnar i dette nettverket, og å delta i eit spesifikt fyrtårnprosjekt som nettverket har fått etter oppdrag frå UFD/ Norsk forskningsråd og med midlar frå HØYKOM.

Som eit resultat av samarbeidsavtalen mellom HVO og Helse Midt-Norge RHF og Kompetansesenteret for pasientinformasjon og pasientopplæring som vart inngått medio 2003, er høgskulen i gang med planlegging av fleire nye utdanningstilbod.

I tråd med tilrådingar i eit utgreiingsarbeid gjort av Telemarksforskning, på oppdrag frå Sosial- og helsedirektoratet, avdeling for frivillighet og

samarbeid, har HVO ved KEV inngått ein avtale med denne avdelinga om utvikling av eit nytt studietilbod for leiarar ved Frivilligsentralar i heile landet.

I samband med den nasjonale satsinga på Den kulturelle skolesekken, har Kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylke utfordra og støtta HVO i arbeidet med å utvikle eit senter for kulturproduksjon og kulturformidling knytt til høgskulen sitt fag- og studentmiljø. Dette arbeidet vil bli intensivert i dei komande to åra. Vi vil i denne samanhengen også satse mykje på utdanningstilbod som kan heve kompetansen til lærarar og andre kulturarbeidarar innan dette feltet.

I 2002 og 2003 har dei tre høgskulane i Møre og Romsdal hatt eit organisert samarbeid om vidareutdanning innanfor helse- og sosialsektoren. Dei tre høgskulane har alle studietilbod som er retta inn mot denne sektoren, og vil i tida framover innleie eit nærare samarbeid med dei instansane og etatane som er brukarar av desse studietilboda. Høgskulane diskuterer korleis samarbeidet kan utviklast til eit meir strategisk samarbeid for m.a. å kunne vere meir synleg og spele ei aktiv rolle i regionalt utviklingsarbeid. I denne samanhengen har vi intensivert dialogen med Fylkeskommunen og har i fellesskap sett i gang eit prosjekt for å undersøke korleis vi kan samarbeide om å styrke høge utdanning og forskning med relevans for regionen.

Dei mest omfattande etterutdanningstilboda i 2003 har vore:

- LærariKT, for lærarar i grunn- og vidaregåande skule
- Lese- og skriveopplæring, for kommunar/skular på Sunnmøre
- Matematikk – bruk av IKT i matematikkundervisninga, oppdrag for kommunar i Romsdal
- Matematikk, skreddarsydde kurs både for småskule- og ungdomssteget
- Leiing i framtidens skule, for nyttilsette leiarar i grunn- og vidaregåande skule, i samarbeid med utdanningsavdelingane på fylkesplan i Møre og Romsdal
- Leiing i kulturskulen, for rektorar i kulturskulane i Møre og Romsdal, utvikla på oppdrag for Norsk kulturskoleråd i Møre og Romsdal.

Fleksible utdanningstilbod (studiepoeng)

Alle avdelingar har gjort endringar og tilpassingar av studietilboda sine når det gjeld studieformer. Fleire utdanningar kombinerer no undervisningssamlingar (både regionale og på campus) med leksjonar, kommunikasjon og rettleiing på nett (Classfrontier).

Av nye vidareutdanningstilbod som vart sett i gang i 2003 kan nemnast:

- Mat, kultur og konservering, 30 stp, (studieavgift), med regionale samlingar.
- Norsk 2 med vekt på lese- og skriveopplæring, 30 stp (differensiert på barnesteg og ungdomssteg), kombinasjon av startsamling og nettleksjonar
- Helsepedagogikk/pasientinformasjon, 30 stp. Eit utdanningstilbod på mastergradsnivå, og som kan gå inn som valfri modul i Master i samfunnsplanlegging ved HVO.
- Prosessleiing i plan og utviklingsarbeid – med vekt på medverknad og samarbeid, 10 stp. Kurskonseptet er utarbeidd av Kunnskapsparken Bodø AS på oppdrag fra Kommunenes Sentralforbund, Miljøverndepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet i samarbeid med fleire aktørar

3.4.3 INTERNASJONALISERING

Gjennom 2003 auka den internasjonale aktiviteten vår monaleg. Medan vi i år 2002 hadde om lag 1% av studentmassen ute i verda, var talet i 2003 rundt 3%, og tendensen er aukande. I 2003 hadde vi rundt 60 studenter ute på ulike program; frå Austral-Asiatiske kulturstudiar til Erasmus- og Nordplus-opphald. Brorparten var ute på «institusjonsorganiserte program», ein mindre del på «individbaserte avtaler». Studenter inn til Volda var tre i 2003, ein frå Litauen og to frå Austerrike, medan talet for 2004 er sterkt aukande. I tillegg kjem 19 NUS-studenter og 21 kvotestudenter på ulike studium, 10 frå i-land og 11 frå u-land.

Det blir lagt vekt på å inngå avtalar som femner om dei fleste miljø ved Høgskulen i Volda. Som eksempel kan nemnast at vi i løpet av 2003 har inngått avtaler med fire universitet i Ungarn under det såkalla «Erasmus Link to Norway»-programmet:

- University of Kaposvar
- University of Szeged
- University of Pecs
- Kodolanyi Janos University College

Vi er den institusjonen i Noreg som har fått mest støtte til student- og lærarutveksling under dette programmet i 2003/2004, kr. 190.000. Grunnlaget for avtalane vart gjort under eit rekrutterings-seminar i Budapest våren 2003, og hausten 2003 hadde vi besøk av to representantar frå Kaposvar. Fleire har ønskje om å kome våren 2004.

Våren 2003 vart det inngått ein avtale med Griffith University, Queensland, Australia. Denne

avtalen gjeld alle avdelingar ved høgskolen. I tillegg vart det utarbeidd ein spesiell utvekslingsavtale for det nyoppretta «Austral-Asia kulturstudiet», som er eit halvtårstilbod til alle HVO-studenter som har teke eitt år ved høgskulen. Det høver særleg godt for studenter som er inne i eit bachelorløp. Våren 2003 hadde vi i rundt 50 søkjarar til 30 plassar. 18 studenter frå AMF, 7 frå ALU, 4 frå AHF og 1 frå ASF reiste til Australia og studerte ved Griffith University. 25 var jenter, 5 gutar. Erfaringane med det første kullet er positive, og det er semje om at dette er ei vellukka satsing.


I tillegg har vi i løpet av 2003 inngått følgjande avtalar som omfattar fleire avdelingar ved HVO:

- University of Edinburgh.
- University of Newcastle
- St. Mary's University College, Belfast (Erasmus)
- Griffith College, Dublin (januar 2004)
- Universidad de Granada
- Augsburg College, Minneapolis
- Universidad Catolica, Guayaquil, Ecuador

Det blir arbeid intensivt med å utvide porteføljen vår, og det kan nemnast at vi for tida arbeider mot land som Russland, Kina, USA, Canada, land i Asia og Afrika, europeiske land m.m. Studentane våre etterspør stadig oftare meir eksotiske reisemål, og vi må leggje til rette for at vi har eit så godt tilbod som mogeleg til ei kvar tid. I dette arbeidet må vi tenkje kvalitet slik at vi sikrar studentane våre gode og konkurranseverdige tilbod ute.

Stadig fleire studenter ønskjer praksisopphald ute. Nokre er ute opp til eit halvår, andre for kortare tidsrom som 2 – 6 veker. Som eit døme kan vi nemne at to ALU-studenter hadde praksis i Zambia fire veker, to var fire veker i Sør-Afrika, ein seks veker i Kenya, ein fire veker i Kenya, to fire veker i Spania, medan seks IKT-studenter var to veker i London. Sjølv om desse opphald er forholdsvis korte, er det mykje arbeid knytt til organiseringa av dei. Det burde difor vere eit system som også registrerer desse studentane. Våre utanlandske samarbeidspartnere frå t.d. USA registrerer all studentutveksling som utanlandsopphald uavhengig av lengd.

Det er viktig å leggje til at i tillegg til samarbeidsrelasjonar på det institusjonelle nivået, har fleire av dei fagleg tilsette eit omfattande internasjonalt samarbeid av meir uformell karakter.



3.5 FORSKING, UTVIKLING OG FORMIDLING

3.5.1 FORSKING OG UTVIKLINGSARBEID

HVO har i 2003 vore opptatt av at forskning, utviklingsarbeid og kompetanseoppbygging ikkje må bli salderingspost i arbeidet med Kvalitetsreforma. Vi har lagt til grunn den oppfatninga som statsrådene Lilletun og Giske gav uttrykk for, at st.m. 39 (forskingmeldinga) og st.m. 27 (Kvalitetsreforma) utgjer ein heilskap som skal realisere samtidig. Vi ser det derfor viktig å ikkje forsømme kompetanseutvikling i forhold til forskningsverksemda og

prosjektutvikling i denne fasen. I 2003 har arbeidet med innføringa av Kvalitetsreforma kravd mykje, og dei tilsette gir klart uttrykk for at dette kan gå ut over FOU-aktiviteten. Vi har i 2003 sett søkjelyset på korleis FOU-ressursen blir brukt og drøfta tiltak som sikrar betre styring og oppfølging av FOU-arbeidet.

Det har i fleire år vore satsa medvete på kompetanseoppbygging av fagpersonalet. Fleire er i gong med

doktorgradsarbeid. I 2003 disputerte to tilsette ved Avdeling for mediefag, og for første gong i historia blei disputasane arrangerte i Volda. Erfaringane med desse to disputasane var svært gode. 19 av dei tilsette var opptatt på doktorgradsprogram i 2003.

HVO har i 2003 deltatt i eit samarbeid innafor Vestnorsk nettverk om forskarutdanning. Universitetet i Bergen v/Senter for vitskapsteori har det praktiske og faglege ansva-

ret for kursa. Forskarutdanninga har eit eige styre. Formålet er å gi eit tilbod om forskarutdanning både for tilsette som vil kvalifisere seg for 1. lektorkompetanse, og tilsette som vil inn i eit doktorgradsprogram. Dei som fullfører utdanninga vil få tilbod om rettleiing med sikte på utvikling av prosjekt som kan gi opptak på doktorgradsprogram ved Universitetet i Bergen.

5 tilsette ved HVO er tatt opp på denne utdanninga.

| 17

| | AHF | ALU | AMF | ASF | IAal | Andre HVO |
|---|------------|------------|------------|------------|-----------|-----------|
| Artikkel i vitsk. tidsskr. med referee (nasj. og internasj.) | 2 | 0 | 2 | 4 | 0 | 1 |
| Artikkel i vitsk. tidsskr. utan referee (nasj. og internasj.) | 2 | 2 | 0 | 1 | 0 | 0 |
| Artikkel i fagtidsskr./populærvitsk. tidsskr. | 11 | 17 | 9 | 7 | 3 | 0 |
| Kapittel i fagbok/lærebok/leksikon o.l. | 1 | 7 | 6 | 12 | 3 | 0 |
| Kapittel i rapport, kompendium | 1 | 6 | 2 | 4 | 2 | 0 |
| Kronikk, melding o.l. | 24 | 22 | 31 | 13 | 14 | 0 |
| Intervju, deltaking i radio-/TV-program | 12 | 17 | 28 | 1 | 1 | 0 |
| Bok utgitt på forlag | 4 | 2 | 2 | 2 | 1 | 0 |
| Kompendium | 1 | 3 | 1 | 3 | 0 | 0 |
| Hovudoppgåve | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 |
| Doktoravhandling | 0 | 0 | 3 | 0 | 0 | 0 |
| Rapport | 3 | 16 | 15 | 20 | 1 | 4 |
| Foredrag ved vitsk. konferanse (nasj. og internasj.) | 9 | 24 | 9 | 20 | 4 | 0 |
| Fagleg foredrag, gjesteforelesing | 12 | 48 | 25 | 30 | 10 | 1 |
| Populærvitsk. foredrag | 20 | 6 | 3 | 24 | 2 | 0 |
| Drama, kunst/handverk, musikk | 2 | 39 | 4 | 0 | 0 | 0 |
| Anna FoU-resultat | 7 | 7 | 20 | 2 | 2 | 0 |
| Totalsum avdelingsvis | 111 | 216 | 160 | 143 | 43 | 7 |

FoU-resultat 2003 (Forskdok)

Dei tilsette ved HVO registrerer sine FoU-resultat i Forskdok-basen. I 2000 tok HVO i bruk eit poengsystem for å fordele ein del av budsjettmidlane til avdelingane etter FoU-resultat. Systemet baserer seg på kategoriane i Forskdok. I tabellen ovarfor har vi prøvd å lage ei framstilling som ikkje er for generell (berre hovudkategoriar), men heller ikkje for detaljert (alle kategoriar). For HVO er det for 2003 registrert 680 postar i Forskdok-basen. Til samanlikning vart det i 2002 registrert 505 postar.

Høgskulen satsar på å styre forskingsinnsatsen inn mot nokre prioriterte område der vi har grunnlag for å skape sterke forskingsmiljø. Vi prioriterer fire område:

- Lærarutdanning. Dette er vårt største utdanningsområde og omfattar meir enn halvparten av verksemda ved HVO. På dette feltet prioriterer vi forskning som er yrkesretta og har relevans for grunnutdanningane og forskning retta inn mot mastergradsutdanninga i yrkesretta spesialpedagogikk. Eit sentralt prosjekt i denne samanhengen er prosjektet *Begynnaropplæring og tilpassa undervisning*, der høgskulen har fått midlar frå KUPP-programmet i Noregs forskingsråd. Høgskulen har sjølv gått inn med interne FOU-ressursar og ei stipendiatstilling finansiert av eiga budsjetttramme. Prosjektet har delprosjekt innfor fagområda matematikk, norsk, pedagogikk og engelsk. Prosjektet er viktig fordi det styrkjer forskinga i lærarutdanninga, noko det er stort behov for. PLUTO-prosjektet er eit anna sentralt prosjekt på dette feltet. Innanfor dette feltet har høgskulens tilsette også hatt fleire prosjekt knytte til evalueringar av utdanningsreformer. Høgskulen har eit nært samarbeid med utdanningsdirektøren og kommunane i regionen om utviklingsprosjekt i grunnskulen. Vi satsar på kompetanseoppbygging og fleire eksternt finansierte prosjekt på dette feltet, og arbeider med å bygge eit større internasjonalt nettverk

· Humanistiske fag. HVO har sterke miljø innanfor områda religion og samfunn, historie og nynorsk skriftkultur. Fagkompetansen på desse områda er høg og forskingsaktiviteten stor. Høgskulen har hatt knutepunktfunksjon innanfor feltet nynorsk skriftkultur, og har på dette feltet utvikla ei mastergradsutdanning. Eit sentralt prosjekt på dette feltet er prosjektet *Det opne språket* som er finansiert av Noregs forskingsråd. Eit av delprosjekta dreier seg om norsk målreisingshistorie. Høgskulen har sjølv gått inn med interne FOU-ressursar og ei stipendiatstilling finansiert av eiga budsjetttramme. Vi samarbeider med Nynorsk kultursentrum, og har eit veksande internasjonalt samarbeid omkring minoritetsspråk og skriftkultur.

· Samfunnsfag. Forskingsinnsatsen har to tyngdepunkt, planlegging, organisering og styring og velferdsforskning med vekt på ungdom. Sentralt på det første feltet er ein SIP i *Kommunikativ planlegging* i samarbeid med forskingsstiftinga Møreforskning. Dette programmet er finansiert av Noregs forskingsråd, og høgskulen har gått inn med interne FOU-ressursar og ei stipendiatstilling finansiert av eiga budsjetttramme. Innanfor dette feltet har vi tett samarbeid med regionen, og har fleire prosjekt om regional utvikling.

· Mediefag. HVO har hatt knutepunkt i mediefag med vekt på radio- og fjernsynsjournalistikk, og har nytta denne tildelinga til å profilere dette som eit satsingsområde uavhengig av sjølve knutepunktordninga. Vi har fleire prosjekt på feltet, og forskingsaktiviteten har auka. Høgskulen vil i perioden disponere to stipendiatstillingar finansiert av eiga budsjetttramme på dette feltet. Vi har dessutan fått ei stipendiatstilling frå institusjonen Fritt Ord frå 01.01.04. Vi deltar i eit prosjekt innanfor KIM-programmet i Noregs forskingsråd i samarbeid med UiB.

3.5.2 FORMIDLING

Utgjeving av tidsskrift

- Redaktøren for *Kirke, religion og samfunn* er tilsett ved Avdeling for samfunnsfag.

- Ved Avdeling for lærarutdanning er ein tilsett medredaktør for *Tidsskrift for Astronomi*.

- Ved Avdeling for mediefag er ein av dei tilsette medredaktør for *Norsk medietidsskrift*.

- Ein tilsett ved Avdeling for humanistiske fag er prosjektleiar og nettredaktør for «Busetnadssoga for Volda», «Sula-soga» og «Fotoprojektet for Volda». Ein annan tilsett er redaktør for Voldaminne.

I samband med større forskingsprosjekt er det fleire av dei tilsette som deltek i formidling av forskingsresultat på konferansar og møte. Det er også fleire av dei tilsette som har omfattande kontakt med aktuelle departement i form av møte og samråding, der resultat frå forskingsprosjekt vert tilbakeført som premisser for utarbeiding av den offentlege politikken.

Populærvitenskapleg verksemd

- Mange av dei tilsette har delteke som foredragshaldarar i faglege samanhengar, halde forelesingar ved andre universitet og høgskular og populærvitenskaplege foredrag i mange ulike fora.

- Mange har òg publisert artiklar, kronikkar, bokmeldingar m.m. i populærvitenskaplege tidsskrift og dagspresse.

- Høgskulen i Volda har eit aktivt kunstfagleg miljø som gjennom konsertar, dramaframføringar og utstillingar står for ei verksemd som er og har vore ei viktig side av den kontaktflata høgskulen har med regionen.

I 2003 var Høgskulen i Volda saman med Møreforskning Volda med på å arrangere Forskingsdagar. Siste veka i september hadde vi 9 ulike arrangement – fleire av dei med svært god publikumsoppslutning. Spesielt vellukka var samarbeidet med andre institusjonar: Kompetansesenter for pasientinformasjon og pasientopplæring (KPI), Eldreuniversitetet i Volda og Volda bygdetun.

3.5.4 BIBLIOTEKET VED HØGSKULEN I VOLDA

Biblioteket er primært eit fagbibliotek for studentar og tilsette ved høgskulen, men er også ope for enkeltpersonar utanom høgskulemiljøet. Biblioteket har ca. 95 000 bøker og 640 tidsskrift, i tillegg til ei omfattande samling elektronisk materiale.

Auken i aktiviteten som biblioteket hadde i 2002 held fram også i 2003. Talet på besøk auka med 14 % og utlånet auka med 8 %. Innlån og kjøp av kopiar frå andre bibliotek var på om lag same nivå som foregåande år. Det vart registrert 5185 nye publikasjonar inkludert videoar og elektronisk materiale. Biblioteket har vel 3000 aktive lånarar.

Biblioteket ved HVO legg vekt på å vere eit læringscenter. Tilgang til elektroniske informasjonsressursar, pc-arbeidsplassar, gruppearbeidsplassar og grupperom er sentrale satsingsområde for å få dette til.

Brukarmønsteret er under endring. I 2003 vart reduksjon av lesesalsplassar til fordel for grupperom vurdert. Etter sterke innvendingar frå studentane vart det bestemt å halde fram med om lag same lesesalskapasitet som før (ca. 110 plassar).

3.5.3 ELEKTRONISKE TENESTER

Høgskulen i Volda opna nye vevsider våren 2003.

Eit nytt elektronisk verkty vart teke i bruk for å gjere det lettare å publisere på veven.

Det nye verktøyet fordelte informasjonsansvaret mellom omlag 70 aktive brukarar i heile organisasjonen.

Dynamikk, database-funksjonar og brukarvenlegheit har hatt stor effekt. Det er enklare å publisere på veven, noko som har ført til at informasjons- og kommunikasjons-gjennomstrøyming har auka. HVO-veven har omlag 4000 publiserte sider på veven, og det vert lagt særskild vekt på god studieinformasjon.

3.6 ANLEGG

Høgskulen sine bygg og anlegg vert primært nytta til undervisning og forskning.

Høgskulen i Volda sine anlegg vert også nytta til utleigeverksemd. Dette går mest i timebasert utleige av anlegg til idrettslag og -organisasjonar på kveldstid og i helgar.



3.7 STRATEGISKE PLANAR OG UTFORDRINGAR

Strategiplanen for Høgskulen i Volda tar utgangspunkt i at situasjonen for høgre utdanning er i kontinuerleg endring. Dette krev at vi er ein lærande organisasjon, som er medveten dei prosessane som påverkar høgre utdanning og utviklar våre evner til omstilling. Arbeidet med å realisere målsettingane for Kvalitetsreforma og diskusjonen om Ryssdalsutvalet, viser at høgre utdanning er inne i omfattande omstillingar, som skaper store utfordringar for institusjonane. Desse utfordringane har vi valt å møte på ein offensiv måte ved å legge hovudvekta på dei muligheitene som dei nye rammevilkåra skapar. Dette er i tråd med dei visjonar vi har for Høgskulen i Volda:

Vi vil vere:

- ein utviklingsorientert institusjon som i samarbeid og konkurranse med andre utdannings- og forskingsinstitusjonar driv utdanning, forskning, fagleg utviklingsarbeid og formidling med høg kvalitet

- ein organisasjon som er medviten om sine tradisjonar, open mot det nasjonale og internasjonale samfunnet og offensiv i høve til sine oppgåver og utfordringar

- ein organisasjon med eit lærande og skapande arbeidsmiljø, som sameinar eit solid teoretisk nivå med yrkesretta og praksisnær utdanning, der

tilsette og studentar er opptekne av å skaffe seg og utvikle ny kunnskap, lære av egne erfaringar og stadig betre kompetansen sin

- ein ressurs for regionen som folket og styresmaktene ser som sin, og som dei er opptekne av å bevare og vidareutvikle

I 2003 har hovudsaka i arbeidet med utvikling og omstilling vore innføringa av Kvalitetsreforma. Dette arbeidet har frå 2002 vore organisert som eit prosjekt. Det vart lagt fram ein framdriftsplan få fullt gjennomslag frå 1.8.2003.



|20

3.7.1 UTFORDRINGAR KNYTT TIL FORSKING

Den overordna oppgåva når det gjeld FoU-aktiviteten, er å skape vilkår for kvalitetsutvikling og vekst. FOU-produksjonen er for låg, og forskingsinnsatsen må i sterkare grad styrast mot dei strategiske satsingsområda. Dette stiller oss overfor mange utfordringar.

- Det er nødvendig å prioritere sterkare, og avgrense tydelege satsingsområda. HVO vil derfor satse på å få forskingsmidlar til større program, som kan skape slagkraftige miljø. Strategisk høgskuleprogram (SHP) innan velferdsforskning vil bli prioritert, og vi må arbeide for å få SHP på andre strategiske områda

- Organiseringa av forskinga ved HVO er ei stor utfordring.

Så langt har vi ikkje lukkast med å få til ei stabil organisering som i tilstrekkeleg grad fungerer rekrutterande og stimulerande. Vi må satse på å byggje forskingsmiljø som er sterke nok til å delta i konkurransen om nasjonale forskingsmidlar, og som er stimulerande for den einskilde. Ein viktig føresetnad for dette er at vi på ein fruktbar måte greier å styrke forskingsleiinga

- Samstundes må vi få til ein balanse mellom styring av forskingsinnsatsen og frirommen til sjølv å velje fagområde

- Bette utnyttinga av FOU-ressursen til den einskilde vitenskapeleg tilsette er sentral. I dag er det for mange som ikkje får nytta denne på ein god måte, eller nytta den i det heile tatt. Vi

må arbeide for å skape ein meir produktiv FOU-kultur. Tilsette som ikkje kan dokumentere FOU-produksjon, må få tilbod om rettleiing og kompetanseutvikling, eller eventuelt å prioritere andre oppgåver

- Kvalitetsutvikling og vekst i FoU-verksemda krev at vi satsar enno meir på kompetanseutvikling

- Forsking og fagleg arbeid krev konsentrasjon og fordjuping. Avdelingane må difor organisere undervisninga slik at den einskilde kan få frigjort skjermar periodar til konsentrert arbeid med FOU

- HVO har særskilte oppgåver som profesjonsutdannar. Det er ei utfordring å utvikle prosjekt innanfor profesjonsutdanningane, som tar opp dei utfordringane som blir stilt til høgskulane om å prioritere

yrkesretta forskning

- Dialogen med regionen er også viktig i FOU-samanheng. Vi er kome godt i gang når det gjeld samarbeidet med Kompetansesenteret for pasientinformasjon og pasientopplæring – fleire prosjekt er allereie under arbeid. Vi vil utvikle dette samarbeidet i tida framover. Satsinga på «Den kulturelle skolesekken» har skapt eit grunnlag for å utvikle eit senter for kulturproduksjonar i samarbeid med Møre og Romsdal fylke. HVO vil arbeide for å etablere eit slikt senter så snart som råd. Dette kan bli ein arena som kan stimulere den faglege utviklinga innan dei praktiske og estetiske fagmiljøa.

3.7.2 UTFORDRINGAR KNYTT TIL UTDANNING

Hovudfokus i 2003 har vore ein heilskapeleg innføring av kvalitetsreforma. HVO vidareførte innføringa av nye studie-, arbeids- og vurderingsformer og tettare rettleiing. HVO vidareførte innføringa av ny gradsstruktur ved å opprette 7 nye bachelorgrader og ein ny mastergrad. Vi har starta arbeidet med å lage eit system som skal sikre studiekvaliteten. Dette systemet må vere på plass i 2004.

Ein stor utfordring i åra framover vil vere rekrutteringa til dei humanistiske faga og til lærarutdanningane våre. Gjennomstrøminga i lærarutdanninga har vore lågare enn ønskeleg. Det skuldast særleg dei studentane som har dårlege karakterar frå

vidaregåande skule (dårleg inntakskvalitet). Får vi fleire søkjarar enn det er studieplassar, vil det føre til ein betring av inntakskvaliteten. HVO har god rekruttering til dei mange nettstudia. Utfordringa knytt til desse studia er å betre gjennomstrøminga: strykprosenten er låg, men det er for mange studentar som ikkje tek eksamen.

HVO har tre mastergrader. Det er god søknad til Mastergrad i Samfunnsplanlegging og Mastergrad i Spesialpedagogikk, men vi må auke rekrutteringa til Mastergrad i Nynorsk skriftkultur. Det er fleire mastergrader under utvikling og utfordringa er å lage desse relevante og yrkesretta. Det er også viktig å lage fleksible

emne innanfor desse mastergradene som også kan vere tverrfaglege.

HVO har mange profesjonsutdanningar og eit omfattande samarbeid med praksisfeltet knytt til desse utdanningane. Det er viktig å vidareutvikle dette samarbeidet, særleg knytt til lærarutdanningane.

HVO har mange relevante vidareutdanningar som har god søknad. Ein viktig konkurransefaktor er at vi gir fleksible og nettbaserte vidareutdanningar og at

mange av desse er på mastergradsnivå. Dette kan gje betre utteljing for kandidatane. Ein



| 21

vidare satsing på etter- og vidareutdanningsfeltet er viktig for å oppretthalde aktivitets- og studenttalet ved HVO.

3.7.3 UTFORDRINGAR KNYTT TIL BYGG OG ANLEGG

HVO sin bygningsmasse er samansett av nokre gamle og nedslite anlegg og nokre nye og tidsmessige bygg som held god standard. Den største utfordringa og den som må prioriterast først, er å skaffe erstatning for eit nedslite og dårleg kommunalt utleigebygg – Ivar Aasenhuset. På oppdrag frå UFD har Statsbygg og HVO laga eit funksjonsprogram for eit erstatningsbygg som er omtala i ein rapport frå Statsbygg av april 2003. I denne rapporten er Ivar Aasenhuset omtalt på følgjande måte: «Bygget er no i dårleg forfatning. Innemiljøet er ikkje tilfredsstillande. Bygget har branntekniske manglar og det er registrert større setningskader. Ein tilstandsrapport konkluderer med at renovering av bygget ikkje er

økonomisk forsvarleg.» Statsbygg disponerer gode tomteareal for nybygg på høgskuleområdet. Av rapporten går det fram at høgskulen sit att med to gode alternativ til nybygg. Utfordringa er å skaffe husleigemidlar til eit nybygg. Dagens husleige er på 0,9 mill. kroner. Dette er urimeleg lågt i høve til storleiken på bygget og skuldast den svært låge standarden. Ny husleige er rekna til om lag 4 mill. kroner. Vi har tilbod frå Statsbygg om å dekke 1,5 mill. av meirkostnadane og har søkt UFD om dei resterande 1,5 mill., men har enno ikkje fått svar på søknaden.

Den neste store utfordringa er å rehabilitere Henrik Kaarstadhuset av 1922. Innklimaet her er svært dårleg,

luftkvaliteten er målt til å ligge langt under standard. I tillegg er dagens rominndeling ikkje i samsvar med behova. Rehabiliteringa kan bli kostbar og påføre HVO ein monaleg auke i husleigeutgifter. Det er difor viktig å sjå husleigeavtalene for heile vestområdet i samanheng. Idrettsbygget har stort areal, men er dårleg utnytta og har høge energikostnader. Det er viktig å ikkje ha for lang avtaleperiode på dette bygget. Vi har difor fått Statsbygg med på ein avtale om at når rehabiliteringa av Henrik Kaarstadhuset av 1922 kjem i gang, så kan vi reforhandle avtalen om Idrettsbygget.

3.8 STYRINGSORGAN OG ADMINISTRASJON

3.8.1 HØGSKULEN SITT STYRE

Representantar og vararepresentantar i styret for
Høgskulen i Volda r.

Interne representantar:

Rektor Gunnar Stave, styreleiar
Prorektor Lidveig Bøe, nestleiar

Førstelektor Odd Ragnar Hunnes, Avdeling for lærarutdanning
Høgskulelektor Hilde Opsal, Avdeling for lærarutdanning
Overingeniør Leif Roar Strand, Drift

Interne vararepresentantar:

Førstemanuensis Atle Døssland, Avdeling for humanistiske fag
Høgskulelektor Bente Vatne, Avdeling for lærarutdanning
Seniorkonsulent Johann Wangen, Avdeling for lærarutdanning

Studentrepresentantar:

David M. E. Boudville (2. journalist)
Camilla Auflem Vik (historie)

Eksterne representantar:

Trygdesjef Beret Melle
Distriktsarbeidssjef Elisabet Sundgot
Redaktør Harald Kjølås
Seniorrådgiver Per Eivind Kjøl

Eksterne vararepresentantar:

Konserndirektør Elling A. Dybdal
Rektor Jessie Strand Fagervoll
Distriktsredaktør Magni Øvrebotten

3.8.2 HØGSKULEN SIN ORGANISASJON



4. Årsrekneskapen

RESULTATREKNESKAP

(Sum i NOK 1000)

| | 2003 |
|--------------------------------------|------------------|
| Tilskot frå UFD og andre departement | 180,583 |
| Tilskot frå NFR | 1,879 |
| Inntekt frå oppdragsverksemd | 7,767 |
| Andre inntekter | 3,135 |
| Sum driftsinntekt | 193,364 |
| Lønnskostnader | (120,411) |
| Investeringar og vedlikehald | (7,132) |
| Andre driftskostnader | (69,398) |
| Sum driftskostnad | (196,941) |
| Driftsresultat | (3,577) |
| Ekstraordinær inntekt | 14,386 |
| Ekstraordinær kostnad | (10,809) |
| Sum ekstraordinære postar | 3,577 |
| Årsresultat | 0 |

BALANSE

| | |
|---|---------------|
| (Sum i NOK 1000) | 2003 |
| EIGEDLAR | |
| Kundefordringar | 2 032 |
| Prosjektfordringar | 66 |
| Andre fordringar | 470 |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | 29 102 |
| SUM EIGEDLAR | 32 660 |
| EIGENKAPITAL OG GJELD | |
| EIGENKAPITAL (frå eksternt finansiert verksemd) | |
| Eigenkapital ved einingane | 1 094 |
| AVSETNADER FOR ØKONOMISKE BINDINGAR | |
| Avsett del av tilskot til løyvingfinansiert verksemd | 3 495 |
| GJELD | |
| Leverandørgjeld | 1 813 |
| Skuldige skattetrekk | 4 486 |
| Andre skuldige offentlege trekk | 7 |
| Skuldige offentlege avgifter | 4 911 |
| Avsette feriepengar | 9 295 |
| Prosjektgjeld | 1 887 |
| Anna kortsiktig gjeld | 5 672 |
| Sum gjeld | 28 071 |
| SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | 32 660 |

|25

Kontantstrømoppstilling

2003

| | |
|---|----------------|
| Driftsresultat | (3 577) |
| Kostnadsføring av driftsmidler | 7 132 |
| Endring i varer | |
| Endring i kundefordringar | 568 |
| Netto endring prosjektfordringar/-gjeld | 446 |
| Endring i leverandørgjeld | 1 869 |
| Endring i andre tidsavgrensingsposter | 26 704 |
| (A) Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar | 33 142 |
| (Investering)/sal av aksjar | |
| Kostnadsføring av driftsmidler | (7 132) |
| (B) Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar | (7 132) |
| Endring avsett andel av tilskot til løyingsfinansiert verksemd | (395) |
| Netto finansinntekt/(-kostnad) | |
| (C) Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar | (395) |
| Sum ekstraordinære poster | 3 577 |
| (D) Netto kontantstrøm andre endringar | 3 577 |
| (E) Netto endring i bankinnskot, kontantar og liknande (A-B+/-C+/-D) | 29 192 |
| (F) Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande ved starten av perioden | 0 |
| Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande ved slutten av perioden (F+/-E) | 29 192 |
| Spesifikasjon av kontantbehaldninga ved slutten av perioden: | |
| Innskot statens konsernkonto (ikkje renteberande) | 29 192 |
| Andre renteberande bankinnskot | |
| Handkasser og andre kontantbehaldningar | 0 |
| Sum bankinnskot og kontantar | 29 192 |

4.1 NOTAR TIL ÅRSREKNESKAPEN

Note 0: Reknescapsprinsipp

Årsreknescapet er sett opp etter mal frå reknescapslova og god reknescapsskikk, tilpassa universitets- og høgskulesektoren.

Nytta reknescapsprinsipp

Inntekter

Inntektene er resultatførte i den perioden då retten til inntekta er tent opp.

Tilskot til den løyvingfinansierte verksemda vert inntektsført når inntekta vert sett på som opptent. Den delen av tilskotet som er øyremerkte konkrete tiltak vert sett på som utsett inntekt til tiltaka er gjennomførte. Det statlege løyvingreglementet tilseier at den delen av det statlege tilskotet som ikkje er nytta ved reknescapsavslutninga, vert sett på som ei økonomisk binding. Dette vil tilsvare avsetnader til komande tiltak eller prosjekt. Denne avsetnaden vert presentert på eiga linje i balansen.

|27

Kostnader

Kostnader er resultatførte i den perioden aktiviteten er utført eller når det er identifisert ei økonomisk binding.

Prosjekt

Inntekter knytt til prosjekt innanfor eksternt finansiert verksemd (EFV) vert inntektsført gjennom saldering av aktive prosjekt. Denne metoden tilseier at oppsamla kostnader tilsvarar framdrifta i prosjektet. Dette gjev ei periodisering som tilsvarar kontinuerleg avrekning utan forteneeste.

Det vert ikkje sett i verk ei generell vurdering knytt til latente tap i aktive prosjekt, eit eventuelt tap vert som hovudregel kostnadsført ved endeleg konstatering av underdekning i prosjektet. Tap vert først kjent ved avslutning av prosjektet.

For aktive prosjekt der det er konstatert sannsynleg tap, er det avsett for latente tap.

Investeringar og påkostingar

Investeringar og påkostingar i eigedom, bygg og utstyr vert ikkje balanseført i reknescapet, slike nyinnkjøp vert kostnadsførte kontinuerleg. Balanse- og resultatreknescapet inkluderer derfor ikkje driftsmiddel eller avskrivningar. Nyinnkjøp større enn kr 30.000 og med ei levetid over tre år, vert definert som investeringar.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Eigedelar som er tilknytt varekrinsløpet skal klassifiserast som omløpsmiddel. Fordringar vert klassifiserte som omløpsmiddel dersom dei skal betalast tilbake i løpet av eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er tilsvarande kriterium lagde til grunn.

Omløpsmiddel vert vurderte til lavaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Aksjar og andre finansielle eigedelar

Aksjar og andre finansielle eigedelar skal balanseførast til innkjøpskost, med tilsvarande passiva post under gjeld. Dette prinsippet kjem av at aksjane allereie er balanseført i staten sitt kapitalreknescap.

Varebeholdningar

Lager av innkjøpte varer skal verdsetjast til lavaste av innkjøpskost etter FIFO-prinsippet og verkeleg verdi.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for tap. Det er gjort frådrag for tap i samsvar med reglane i Statens økonomireglement. I tillegg er det gjort uspesifisert avsetnad for å dekkje venta tap.

Internhandel

Alle relevante interne transaksjonar og mellomverande er eliminerte i finansrekneskapet.

Pensjonar

Dei tilsette er knytte til Statens Pensjonskasse (SPK). Det er ikkje vorte gjort utrekning eller avsetning for eventuell over-/underdekking i pensjonsordninga. Pensjonskostnaden for året tilsvarar årleg premie til SPK.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurdert etter kursen ved slutten av rekneskapsåret.

Ekstraordinære postar

Transaksjonar som vert sett på som uvanlege, uregelrette og vesentlege vert klassifiserte som ekstraordinære.

Eigenkapital

Universitet og høgskular kan berre tene opp eigenkapital innanfor den ekstern finansierte verksemda (EFV). Unytta middel innanfor den løyvingfinanserte verksemda vert sett på som ei økonomisk binding, med å vise til gjennomføring av statsoppdraget.

Delar av dei midlane som vert tente opp innanfor EFV vert ført tilbake til organisasjonen og går inn i deira tilgjengelege midlar til dekning av drift, nyinnkjøp eller andre tilhøve innanfor formålet til institusjonen. Midlar som gjennom interne disponeringar er øyremerka slike formål, er klassifiserte som eigenkapital ved einingane.

Kontantstraum

Det vert tilrådd at kontantstraumsoppstillinga følgjer den direkte metoden. Den alternative oppstillinga følgjer den indirekte metoden og er tilpassa universitets- og høgskulesektoren på sentrale punkt. Tilpassinga er i første rekkje knytt til prinsippet om kostnadsføring av investeringar og at sektoren ikkje har noko form for finansiering gjennom lån.

Kontoplan

Alle høgskular og universitet nyttar NS 4102 som utgangspunkt for den interne kontoplanen. Det er gjort tilpassingar innanfor kontogruppe 4, som følgje av at investeringar vert kostnadsførte kontinuerleg. Nyinnkjøp som etter rekneskapslova ville blitt balanseførte, vert kostnadsførte i kontogruppe 4.

Note 1 Spesifikasjon av driftsinntekter

| | |
|---|----------------|
| | 2003 |
| <i>Tilskot frå UFD</i> | |
| Motteken løyving/tilskot | 183 269 |
| Brukt av avsett tilskot til løyvingsfinansiert verksemd (LFV) frå tidlegare år, sjå note 15 | 945 |
| Avsett del av tilskot ført som anna kortsiktig gjeld, sjå note 14 | 327 |
| Avsett del av tilskot, sjå note 15 | 3 495 |
| <hr/> | |
| Sum tilskot frå UFD | 180 392 |
| <i>Tilskot frå andre departement</i> | |
| Motteken løyving/tilskot | 529 |
| Innbetalt for fordring frå tidligare år, sjå note 11 | (103) |
| Avsett del av tilskot ført som anna kortsiktig gjeld, sjå note 14 | 235 |
| Avsett del av tilskot | 0 |
| <hr/> | |
| Sum tilskot frå andre departement | 191 |
| Sum tilskot frå UFD og andre departement | 180 583 |
| <hr/> | |
| <i>Tilskot frå NFR</i> | |
| Motteken løyving/tilskot | 2 938 |
| Innbetalt for fordring frå tidligare år, sjå note 11 | (556) |
| Avsett del av tilskot ført som anna kortsiktig gjeld, sjå note 14 | 627 |
| Opptent inntekt, ført som fordring, sjå note 11 | (124) |
| <hr/> | |
| Sum tilskot frå NFR | 1 879 |
| <i>Inntekt frå eksternt finansiert verksemd (EFV):</i> | |
| Statlege etatar | 1 816 |
| Kommunale etatar | 2 907 |
| Organisasjonar | 203 |
| Næringsliv/privat | 844 |
| EU | |
| Stiftingar | 1 087 |
| Studieavgifter | 910 |
| Andre | 0 |
| <hr/> | |
| Sum inntekt frå eksternt finansiert verksemd (EFV) | 7 767 |
| <i>Sal av eigedom, utstyr og liknande</i> | |
| Sal av eigedom | |
| Sal av utstyr | |
| Sal av andre driftsmidlar | |
| <hr/> | |
| Sum sal av eigedom, utstyr og liknande | 0 |
| <i>Andre inntekter:</i> | |
| Leigeinntekter | 592 |
| Materiellpengar | 1 663 |
| Sal av kompendier/anna kopiering | 330 |
| Diverse andre inntekter og refusjonar | 550 |
| <hr/> | |
| Sum andre inntekter | 3 135 |
| <hr/> | |
| Sum driftsinntekt | 193 364 |
| <hr/> | |

Note 2 Lønnskostnader, tal på tilsette mm

| Lønnskostnader | 2003 |
|---|------------------|
| Lønningar | (88 126) |
| Feriepengar | (10 613) |
| Arbeidsgeberavgift | (15 075) |
| Pensjonskostnader | (10 065) |
| Sjukepengar og andre refusjonar | 3 751 |
| Periodisert løn | (53) |
| Andre ytingar | (230) |
| Sum lønnskostnader | (120 411) |
| Lønnskostnadene inkluderer løn til sensorar, gjesteførelsesrar, honorar utval med meir med kr | (9 020) |
| Tal på årsverk i rekneskapsåret | <u>246</u> |
| Totale årsverk inkludert timelærarstillingar i gjennomsnitt av rapportert tal til DBH pr 1.10.2002 og 1.10.2003 | |

|30

Note 3 Investeringar og vedlikehald

Som følgjer av rekneskapsreglane innanfor universitets- og høgskulesektoren blir alle investeringar og påkostingar kostnadsførte etter kvart. Nyinnkjøp med ein kostpris større enn kr 30.000 og med ei levetid utover 3 år, vert rekna som investeringar.

Vedlikehald vert kostnadsført ved gjennomføring.

| | |
|---|----------------|
| Rekneskapsposten omfattar nyinnkjøp og påkostingar til: | 2003 |
| Datautstyr, IKT/audiovisuelt utstyr og anna undervisningsutstyr | (5 491) |
| Kontormaskinar og anna inventar | (991) |
| Sum nyinnkjøp og påkosting av driftsmidlar | (6 482) |
| Rekneskapsposten omfattar vidare vedlikehald og ombygging av leigde lokale | (650) |
| Sum investeringar og vedlikehald | (7 132) |

Note 4 Andre driftskostnader

| | |
|---|-----------------|
| <i>Andre driftskostnader omfatter:</i> | 2003 |
| Husleige | (29 981) |
| Andre kostnader knytt til lokale | (6 780) |
| Mindre innkjøp av utstyr | (3 964) |
| Kjøp av (øvings-)undervisningstenester, konsulenttenester og andre kjøp av tenester | (8 781) |
| Reiser og diett | (8 214) |
| Kostnader til tele og data (ikkje nyinnkjøp av utstyr) | (3 467) |
| Andre kontorkostnader | (6 711) |
| Andre driftskostnader | (1 500) |
| Sum andre driftskostnader | (69 398) |

| 31

Note 5 Netto finansinnteki/(-kostnad)

Høgskulen har ikkje finanspostar i 2003.

Note 6 Ekstraordinære postar

Alle prinsippendingar som følgjer av overgangen frå kontantprinsippet til rekneskapsprinsippet etter den nye rekneskapsmalen (nettobudsjettering) er registrerte som ekstraordinære postar i 2003.

| | |
|--|---------------|
| Ekstraordinære inntekter | 2003 |
| Teknisk avvik mellom kontant- og internrekneskapen 1.1.2003 | 2 946 |
| Innbetaling frå UFD for feriepengar opptente i 2002 | 10 969 |
| Innbetaling frå trygdekontor for feriepengar opptente i 2002 | 198 |
| Andre periodiserte inntekter frå 2002, etterskotsfakturerte i 2003 (periode 13) | 273 |
| Sum ekstraordinære inntekter | 14 386 |
| Andre periodiserte inntekter frå 2002 skriv seg i hovudsak frå inntekter for IT- og kontortenester utførte i 2002. | |

Ekstraordinære kostnader

| | |
|--|-----------------|
| Utbetaling av feriepengar opptente i 2002 inkludert 14,1 % arbeidsgjevaravgift | (9 803) |
| Andre periodiserte utgifter frå 2002 (periode 13) | (1 006) |
| Sum ekstraordinære kostnader | (10 809) |
| Andre periodiserte utgifter frå 2002 skriv seg i hovudsak frå sensur- og praksisutgifter hausten 2002. | |

Note 7 Investeringar i aksjar og selskapsdelar

Høgskulen har ikkje investert i aksjar eller selskapsdelar.

Note 8 Behaldningar

Høgskulen har ikkje registrerte behaldningar.

Note 9 Kundefordringar

| | | | | | | | 2003 |
|----------------------------------|----------------|------|-------|-------|--------|---------|--------------|
| Kundefordringar til pålydande | | | | | | | 2 932 |
| Avsett til latent tap | | | | | | | 0 |
| Sum kundefordringar | | | | | | | 2 932 |
| Kostnadsført tap | | | | | | | 0 |
| Aldersfordeling kundefordringar: | | | | | | | |
| Antall dagar | Ikkje forfalne | 1-30 | 31-60 | 61-90 | 91-180 | 181-360 | > 360 |
| 2003 | 2 708 | 59 | | | 4 | 146 | 15 |

|32

Note 10 Prosjektfordringar/-gjeld

| | | 2003 |
|--|--|----------------|
| Prosjektfordring, kostnader som ikkje er oppgjorde | | 66 |
| Forskotsfakturert inntekt aktive prosjekt | | (1 887) |
| Netto prosjektgjeld | | (1 821) |

Aktive prosjekt er nullstilte, slik at bidraget per 31.12 for aktive prosjekt utgjer kr 0. Kostnader som ikkje er oppgjorde er nytta som estimat på framdrifta i prosjektet. Dette prinsippet er valt som ei tilnærming til kontinuerleg avrekning utan fortjeneste, sidan høgskulane ikkje har verktøy som gjer det mogleg å vurdere statusen i dei einsskilte prosjekta medan prosjektet er i gang.

Det er ikkje teke ei generell vurdering knytt til latente tap i aktive prosjekt. Eventuelle tap vert kostnadsført ved endelig konstatering av eventuell underdekning i prosjektet. Tap er først kjent ved avslutning av prosjektet.

Høgskulen har følgjande hovudgrupper av prosjekt:

Oppdragsprosjekt; dette er prosjekt høgskulen utfører for ein ekstern oppdragsgjevar og der oppdragsgjevar som hovudregel har eigedomsretten til resultatata av prosjektet. Denne forma for prosjekt har som hovudregel ein fast pris og stiller høgskulen ovanfor ein finansiell risiko ved gjennomføring. Ved prosjektstart er det eit krav at oppdragsinntekta skal dekkje alle estimerte kostnader, også indirekte kostnader.

Bidragprosjekt; dette er prosjekt der høgskulen hentar støtte frå eksterne bidragsytarar, uten konkrete krav til leveransane. Det er ikkje krav om fullfinansiering av slike prosjekt. Høgskulen vil som hovudregel ha eigedomsretten til forskingsresultatet. Tap i denne typen prosjekt vert rekna som ordinær drift for høgskulen. Det vert derfor ikkje avsett for latente tap i bidragsprosjekt.

Note 11 Andre fordringar

| | 2003 | Samanlikning frå 2002 |
|--|------------|--------------------------|
| <i>Fordringar på tilsette:</i> | | |
| Reiseforskot | 56 | 145 |
| Sum fordringar på tilsette | 56 | |
| <i>Periodiseringar:</i> | | |
| Opptente, ikkje fakturert/mottekne inntekter frå NFR | 124 | 556 |
| Opptente, ikkje fakturert/mottekne inntekter frå andre departement | 0 | 103 |
| Opptente inntekter frå anna ordinær verksemd | 22 | |
| Forskotsbetalte kostnader | 268 | |
| Sum periodiseringar | 414 | |
| Sum andre fordringar | 470 | |

| 33

Note 12 Bankinnskot, kontantar og liknande

| | 2003 |
|---|---------------|
| Innskot statens konsernkonto (ikkje renteberande) | 29 192 |
| Andre bankinnskot og interimskonti | (1) |
| Handkasser og andre kontantbeholdningar | 1 |
| Sum bankinnskot og kontantar | 29 192 |

Det er ikkje krav om at høgskulane tek vare på skattetrekksmidlane på eigen bankkonto.

Note 13 Skuldige offentlege avgifter

| | 2003 |
|--|--------------|
| Skuldig meirverdiavgift | 176 |
| Skuldig arbeidsgjevaravgift | 4 735 |
| Andre offentlege avgifter | |
| Sum skuldige, offentlege avgifter | 4 911 |

Note 14 Anna kortsiktig gjeld

| | 2003 |
|--|--------------|
| <i>Periodiseringar:</i> | |
| Avsett del av tilskot frå NFR | 627 |
| Avsett del av tilskot frå andre departement | 235 |
| Avsett av løyving til fagpersonale i lærarutdanningane - samarbeid med yrkesfelt | 327 |
| Kostnadsført lønn og honorar for hausten 2003 som enno ikkje er utbetalt | 1 171 |
| Annan periodisert gjeld | 61 |
| Sum periodiseringar | 2 421 |
| <i>Andre kortsiktige gjeldspostar:</i> | |
| Avsette pensjonsutgifter for 2003 som ikkje var fakturerte 31.12.2003 | 2 998 |
| Erasmusmidlar | 83 |
| Skuldig semesteravgift til Studentsamskipnaden | 168 |
| Skuldig innkravd avgift til SAIH | 8 |
| Gjennomgangskonto for løn tilsette med meir | (6) |
| Sum andre kortsiktige gjeldspostar | 3 251 |
| Sum anna kortsiktig gjeld | 5 672 |

Note 15 Avsett del av tilskot til løyingsfinansiert verksemd

Den delen av det statlege tilskotet som ikkje er nytta ved rekneskapsavslutninga er å forstå som ei økonomisk binding. Dette svarer til avsetjingar til framtidige tiltak eller prosjekt.

Det er føreteke følgjande avsetjingar til tiltak og prosjekt:

| | 2003 |
|-------------------------------------|------------|
| <i>Avsett til investeringar:</i> | |
| Nytt arkivsystem | 164 |
| Formingsrom og garasjeport | 300 |
| Sum avsett til investeringar | 464 |

Udisponert løyving etter rekneskapsavslutninga 2003 for undereiningar:

| | |
|---|-----------|
| Fellesnivået - IT | 14 |
| Fellesnivået - KEV | 1 059 |
| Fellesnivået - Biblioteket | 87 |
| Fellesnivået - Drift | (524) |
| Strategiske midlar | 220 |
| Buffermidlar til kvalitetsreforma | 228 |
| Midlar til leiaropplæring | 200 |
| Forsking | 404 |
| Andre fellesmidlar | 1 690 |
| Avdeling for lærarutdanning | (2 002) |
| Avdeling for humanistiske fag | 44 |
| Avdeling for samfunnsfag | (858) |
| Avdeling for mediefag | (769) |
| Ivar Aasen-instituttet | 221 |
| Sum udisponert løyving undereiningar | 14 |

Sentrale avsetjingar:

| | |
|----------------------------------|--------------|
| Buffer for oppdateringsordningar | 170 |
| Buffer for stipendiatstillingar | 670 |
| Sentralt bufferfond | 2 177 |
| Sum sentrale avsetjingar | 3 017 |

Sum avsett del av tilskot til løyingsfinansiert verksemd 3 495

Internt ligg ein del av desse avsetjingane i prosjektrekneskapan.

I den gamle rekneskapsordninga vart eksternt finansiert verksemd ført på egne konti (postar) i rekneskapan. Også etter dette systemet balanserte inntekter og utgifter innanfor året, og ubrukte midlar vart ståande igjen på ein depositakonto. Her vart det også samla opp midlar dersom vi forskotterte prosjektmidlar (og midlar frå NFR).

Vi har teke ein gjennomgang av saldoen på denne depositakontoen ved utgangen av 2002.

| | |
|--|--------------|
| | 2002 |
| Samla overskot definert som eigenkapital pr 1.1 2003 | 1 094 |
| Avsetjingar frå prosjekt på grunn av at prosjekt ikkje har vore fullt ut belasta med indirekte kostnader | 945 |
| Netto prosjektgjeld | 2 235 |
| Sum depositakonto frå 2002 | 4 274 |

Note 16 Eigenkapital ved einingane

Disponert del av tidlegare overskot frå eksternt finansiert verksemd:

| | 2003 | 2002 |
|---|--------------|------|
| Avsetnad til utvikling av nye EV-tiltak | 1 094 | 1094 |
| Sum disponert eigenkapital | 1 094 | 1094 |

Note 17 Annan egenkapital

I samsvar med det statlege løyvingreglementet kan ikkje høgskulen etablere eigenkapital innanfor den løyvingfinansierte verksemda, sjå note 15. Opptent eigenkapital tilsvarer dermed resultat frå den eksternt finansierte verksemda.


Annan eigenkapital tilsvarer tilgjengeleg kapital etter at det er teke omsyn til internt disponert del av resultatet, sjå note 16.

| | |
|---|--------------|
| Eigenkapital 01.01 | 0 |
| Overført frå eigenkapital ved einingane | 1 094 |
| Overført frå resultatet for året | 0 |
| Eigenkapital 31.12. | 1 094 |

Eigenkapitalen er retta opp i rekneskapen i siste tertial. Gjennomgangen av avsetjingane våre vil gje eit godt grunnlag for seinare år.

Det vart ikkje avslutta eksterne prosjekt i 2003 som gav overskot.

5. Rapport frå revisor

| | |
|--|--|
|  Riksrevisjonen <small>Office of the Auditor General of Norway</small> | Vår sakbehandler Oddvar Hatletveit, 71 25 82 01 |
| | Vår dato 02.06.2004 |
| | Arkivkode 680 |
| | Deres dato Deres referanse |

Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 VOLDA

| | |
|---|------------|
| HØGSKULEN I VOLDA Fellesadministrasjonen | |
| Dok 2003/8 | Dok 44 |
| Dato 04.06.04 | Saksh. EVR |
| Ansvar 123.2 | ta 7/6/04 |

Regnskapet for 2003 – avsluttende revisjonsbrev

Riksrevisjonen har revidert Høgskulen i Voldas regnskap for 2003.


Revisjonen er utført i henhold til gjeldende bestemmelser og god revisjonsskikk i Riksrevisjonen. Vår oppgave er å kontrollere at virksomhetens inntekter og utgifter, beholdninger og verdier av enhver art regnskapsføres etter gjeldende regler, og vurdere om disposisjonene som ligger til grunn for regnskapet kan aksepteres. Vi har foretatt de revisjonshandlinger som vi har ansett nødvendige i utvalgte deler av grunnlagsmaterialet.


Riksrevisjonen har ingen merknader av betydning til regnskapet.

I henhold til lov om Statens Revisionsvæsen av 8. februar 1918 tilligger det Riksrevisjonen å godkjenne regnskapene til virksomhetene underlagt departementene.

Riksrevisjonen godkjenner regnskapet for 2003 for Høgskulen i Volda.

Etter fullmakt


Knut G. Lien
avdelingsdirektor


Oddvar Hatletveit
rådgiver

Kopi: Utdannings- og forskningsdepartementet

| | | | | | | |
|---|--|------------------------|-------------------------|---|----------------------------|----------------------|
| Postadresse Postboks 8130 Dep 0032 Oslo | Kontoradresse Fleisfredet 42 0167 Oslo | Telefon 22 24 10 80 | Telefaks 22 24 10 81 | E-post/Internett riksrevisjonen@riksrevisjonen.no www.riksrevisjonen.no | Bankkonto 7634 05 06774 | Org.nr. 574769843 |
|---|--|------------------------|-------------------------|---|----------------------------|----------------------|

137